

# Haustemelding veke 42, 18. -24. oktober, 2021



Kva?	Kor?	Kor mykje?	Korleis?	Andre kommentarer
Purreløk	Hovudfelt	3 purreløk	Riv løken opp med rota. Rist av molda og skjer evt. av litt av røtene. Ta dei største purreløkane først.	
Vårløk	Hovudfelt	1 bunt (om det er nokon igjen)	Riv vårløken opp med rota. Rist gjerne av molda, men ikkje oppå dei andre plantene. Om du treng å vaska han, finn du vatn i lageret.	
Rødbete og kvitbete	Hovudfelt	Ta det du vil ha.	Riv planten opp og vri av lauvet. Kast lauvet i gangane, ikkje oppå plantene.	Det er mest små rødbetar og kvitbetar igjen, men rødbetane smakar i alle fall like gode sjølv om dei er små.
Gresskar, pyntegresskar, squash	Hovudfelt	Ta det du vil ha om det er noko igjen		
Mais	Hovudfelt	Ta det du vil ha om du finn nokon som er modne og fine.	Riv av maisen	Det som ikkje blir hausta før lørdag, haustar andelsbonden.

Jordskokk	Hovudfelt – dei høgeplantene ved sida av maisen	1-2 planter	Riv/spa opp planten med greip. Grav godt nedi og prøv å få med alle dei små jordskokkane også. Ta frå enden av ei rekke.	Vi har svært mykje jordskokk, så om du ønskjer å ta meir enn 1-2 planter nokre gonger, så må gjerne gjere det. Vi kjem til å prøve å få selja noko.
Grønncål	Hovudfelt og bak lageret.	Ta det du vil ha	Ta dei ytterste/nederste blada, 2-3 blad på kvar plante, <b>ikkje blada på toppen av planta og ikkje alle blada på ein plante.</b>	
Hovudcål	Hovudfelt.	1-2 kålhovud	Skjer av kålet under kålhovudet. La resten av blada stå igjen.	
Gulrot	Hovudfeltet	20 gulrøter	Dra opp gulrota etter lauvet. Knekk av lauvet og legg det i gangane mellom sengene. Om dei er vanskelege å få opp, kan du løysa dei med ei greip.	
Persillerot	Hovudfelt, i enden av rada med pastinakk.	2-3 om du finn nokon som er store nok.	Riv opp planten med rota, og knekk av lauvet. Kast det i radene mellom sengene.	
Knollselleri	Hovudfelt	1 knoll om det er nokon igjen	Riv opp. Skjer av røtene og lauvet.	
Stangselleri	Hovudfelt	Ta så mykje du vil ha.	Skjer av planten nede ved rota.	Stangsellerien byrjar å bli grov, men dei innerste blada er ofte sprø og fine.
Polkabeter	Bak lageret	Ta det du vil ha	Riv opp polkabetanane og vri eller skjer av lauvet. Gje lauvet til geitene eller kast	

			det i komposthaugen ved steingarden.	
Knutekål SISTE SJANSE	Bak lageret	2 knutekål	Skjer av knutekålet rett over stelken. Skjer av blada og kast dei i komposthausten ved steingjerdet eller gje dei til geitene.	Dette er siste veka me haustar knutekål. På dugnaden lørdag tek vi inn resten av det som ikkje er hausta, slik at vi kan gjera klar til å setja kvitløk der.
Pipeløk <b>NB. IKKJE RIV OPP PLANTEN</b>	Bak lageret. Det er både ei seng og ein pallekarm.	Ta det du treng	Klipp av nokre blad frå kvar plante. <b>NB. IKKJE RIV OPP HEILE PLANTEN</b>	
Salat	Bak lageret	Ta det du treng om det er noko som kan brukast.		
Nepe	Bak lageret – i rekka nærast urtekassane	4 neper – ta dei største først	Riv opp nepa. Kast blada i komposthaugen ved gjerdet eller gje dei til geitene.	
Ruccola	Bak lageret	Ta det du treng	Plukk enkeltblad, ikkje riv opp planten	
Urter	Urtekasser	Plukk det du treng. <b>Plukk gjerne litt ekstra til tørking om du ønskjer det.</b>	Plukk/klipp av litt frå kvar plante, ikkje heile planten.	
Tomat og paprika SISTE SJANSE	I veksttunnellen	Ta det du vil ha, både grønne og røde.		Dette er siste sjanse til å hauste tomat og paprika for i år. På duganden lørdag vil me rydde ut resten av plantene.